



Jens H N Bjordal  
Grønlandsvegen 11  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/3008 - 21/28632

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
28.04.2021

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysingar - gbnr 351/13 Landsvik**

Tiltak: Arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr 351/13  
Tiltakshavar: Øyvind Landsvik  
Ansvarleg sækjar: Jens H.N.Bjordal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.03.2021.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. I føresegnene til kommunedelplan for Meland er det sett ein maksimal storleik på tomter til fritidsbustad på 1,5 dekar. Gbnr.351/151 er i matrikkelen ført opp med ein storleik på 1859m<sup>2</sup>. Tomta vert då for stor til at løyve til arealoverføring kan gjevast.

Det må eventuelt sækjast om dispensasjon frå kravet om storleik på tomt for fritidsbustad jf. Punkt 1.6.14 i kommunedelplan for Meland. Søkna om dispensasjon skal vera grunngjeven. Informasjon om søknad om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#)

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.05.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar sækjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jens H N Bjordal

Grønlandsvegen 11

5918

FREKHAUG